

Samferdselsdepartementet
v/samferdselsminister Jon-Ivar Nygård
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Dato	16.02.2023
Vår referanse	2023/882-12
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Thorbjørn Aarethun
E-post	Thorbjorn.Aarethun@vlfk.no
Telefon	92058252

Vått og villare på vestlandet - behov for auka nasjonal satsing på vegvedlikehald av fylkesvegnettet

På møte i Vestlandsrådet, 7.februar 2023 vart det vedteke følgjande uttale inn mot arbeidet med statsbudsjettet for 2023;

«Med klimaendringane tyder prognosane på at særleg Vestlandet vil bli ramma av våtare og villare vêr i tida framover. Dette vil få store konsekvensar på Vestlandet, med auka risiko for flaum og erosjon, skred, dårleg framkome og regularitet, samt auka behov for beredskap. Når vegar vert stengd på grunn av skred er det ikkje berre framkome som vert ramma gjennom lange omkøyringsvegar, men også innbyggjarane sin kvardag vert utrygg og farefull.

Vestlandsrådet er svært positiv til den øyremerkte statlege tilskotsordninga til vedlikehald av fylkesvegnettet. Dei økonomiske rammene for tilskotsordninga i 2023 er vesentleg lågare enn gjennomsnittet som vart skissert for NTP-perioden 2022-2033. Det er i 2023 løyvd 389,6 mill. kroner til ordninga over statsbudsjettet, medan det i NTP er lagt opp til ei årleg gjennomsnittleg løyving på 775 mill.kr for åra 2022–2027. For å lukkast med å stanse og redusere veksten i vedlikehaldsetterslepet må vi ta betre vare på det vi har, før forfallet vert for stort. Fylkeskommunane vil prioritere dette så høgt som mogeleg innanfor eigne budsjett, men treng statleg medfinansiering for å kunne ta att etterslepet.

Dette etterslepet fekk ein betydeleg auke i samband med forvaltningsreforma i 2010, der fylkeskommunane fekk overført ei rekke riksvegstrekingar der etterslepet i 2013 var rekna til i overkant av 18 mrd. kroner for vestlandsfylka samla. Ei kraftig opptrapping av den statlege medfinansieringa for vedlikehald av fylkesvegnettet er derfor naudsynt. Vestlandsrådet ber derfor regjeringa og Stortinget om å auke det øyremerkta tilskotet til vedlikehald av fylkesvegane i statsbudsjettet for 2024, i tråd med det som er vedteke i samband med handsaminga av NTP 2022-2033».

Med helsing

Jon Askeland
Leiar av Vestlandsrådet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Transport og kommunikasjonskomiteen på Stortinget

Sogn og Fjordane-benken på Stortinget

Møre og Romsdal-benken på Stortinget

Hordalandsbenken på Stortinget

Rogalandsbenken på Stortinget